



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: **21 SEPT 2011**

Vår ref.: NVE 200802132-31 kv/rast

Arkiv: 312/042.3Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ragnhild Stokker

22 95 93 02

Høyring av søknad med konsekvensutgreiing om vasskraftutbygging i Rullestad og Skromme i Etne kommune, Hordaland fylke

NVE har motteke søknad frå Rullestad og Skromme Energi AS om å få byggje fire kraftverk i Rullestadområdet i Etne kommune. Søknaden blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Samstundes blir søknad om nye kraftleidningar mellom Rullestad og Blåfalli III sendt på ei parallell høyring. Høyringsfrist for både søknader er 6. januar 2012. NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden, der det vil bli orientert både om planane for vasskraftutbygging og for nye kraftleidningar. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.

Dette brevet gjeld søknaden om vasskraftutbygging. Søknaden om nye kraftleidningar kjem i ei eiga utsending.

Søknaden inneheld konsekvensutgreiing (KU) og fagrapportar.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Eit eksemplar av brosjyren som er utarbeidd for prosjektet ligg ved. Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengelege på internettsida til NVE: www.nve.no/Vannkraft. Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknaden kan dei kontakte Rullestad og Skromme Energi AS v/Martin Vangdal på e-post: Martin.Vangdal@smaakraft.no eller tlf. 55 12 73 46 / 98 83 04 58.

Vi viser elles til vedlagd informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på.

Vi ber Etne kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden med fagrapportar ut til offentleg gjennomsyn på Åkrafjordtunet og tinghuset i Etne fram til **6. januar 2012**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

I løpet av høyringsperioden vil NVE halde eit ope møte om prosjektet. Tid og stad for møtet vil NVE kunngjere seinare. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av søknaden, og tiltakshavar vil orientere om konsekvensane av ei eventuell utbygging.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE


Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråsegner skal sendast, gjerne via internett www.nve.no/Vannkraft, til nve@nve.no eller til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast 6. januar 2012.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegnene er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Carsten Stig Jensen'.

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Ragnhild Stokker'.

Ragnhild Stokker
Senioringeniør

Vedlegg: 3 Brosjyre, kopi av kunngjering, info.ark om sakshandsaminga
Kopi: Rullestad og Skromme Energi AS

Adresseliste for: Rullestad og Skromme Energi AS – Søknad med KU om bygging av kraftverk i Rullestad og Skromme

Handsamast etter: Vassdragsreguleringslova § 6.

Blir kunngjort av NVE to ganger i: Grannar og Haugesunds Avis

Alle på adresselista får kopi av kunngjering og brosjyre

Ant. søkn	Aktuelle fagrapp.	Til orient	Navn/adresse
6	6		Etne kommune, Postboks 54, 5591 ETNE
			Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
			Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
		x	Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO
		x	Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO
			Direktoratet for naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 TRONDHEIM
			Mattilsynet, Postboks 383, 2301 BRUMUNDDAL
			Norges geologiske undersøkelser, 7491 TRONDHEIM
			NGI, Pb. 3930 Ullevål Stadion, 0806 OSLO
			Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
			Statens vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
			Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 OSLO
			Forum for natur og friluftsliv, v/ Bergen Turlag. Tverr gt 4/6, 5017 BERGEN
			Friluftslivets fellesorganisasjon, Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO
			Friluftsrådet Vest, Postboks 63, 5575 AKSDAL
			Samarbeidsrådet for naturvernsaker v/Arnodd Håpnes, Grensen 9 B, 0159 OSLO
			Norges Naturvernforbund, Grensen 9 B, 0159 OSLO
			Naturvernforbundet Hordaland, Postboks 1201, 5811 BERGEN
			SABIMA, Kristian Augustsgate 7A, Pb. 6784 St. Olavs plass, 0130 OSLO sabima@sabima.no
			Den Norske Turistforening, Youngstorget 1, 0181 OSLO
			Haugesund Turistforening, Postboks 432, 5501 HAUGESUND
			Norges Jeger- og Fiskerforbund, Pb. 94, 1378 NESBRU
			Etne Jff, Postboks 9, 5591 ETNE
			Norges Bondelag, Postboks 9354 Grønland, 0135 OSLO
			Norsk Ornitologisk Foreining, Avdeling Hordaland, Boks 280, 5751 ODDA

			Fortidsminneforeningen, Dronningens gate 11, 0152 OSLO
			Norges Padleforbund, Service boks 1, Ullevål stadion 0840 OSLO
			NHO Reiseliv, Postboks 5250 Majorstuen, 0303 Oslo
			Halvfjordingen AS v/Per M. Kjellesvik, per.martin.kjellesvik@umoeikt.no
			Sunnhordland Kraftlag AS, Pb 24, 5401 STORD
			Skånevik Ølen Kraftlag, 5593 SKÅNEVIK
			Statnett, Postboks 5192 Majorstuen, 0302 OSLO
1			NIBR, KU-senteret, att. Martin Lund Iversen, Gaustadalleen 21, 0349 OSLO
8			Internt (KM v/Katarina Eftevand, RV v/Siss-May Edvardsen, ER v/Seming Skau, HV v/Knut Ola Aamodt, KN v/Håvar Røstad, EN v/ Hege Sveaas Fadum, KD v/Oddvar Indrebø)

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer

Søknad om konsesjon for vasskraftutbygging i Rullestad og Skromme i Etne kommune.

Søknad om konsesjon for bygging av nye 66 kV kraftleidningar mellom Rullestad og Blåfalli III i Etne og Kvinnherad kommunar.

Denne kunngjeringa gjeld to søknader.

Søknad om vasskraftutbygging

Rullestad og Skromme Energi AS søker om å få byggje fire kraftverk i Rullestadområdet. Kraftverka vil nytte vatn frå Dalelva og Bordalselva og fleire sideelvar til desse. Det er presentert fleire moglege alternative utbyggingsløyser. Det største alternativet vil gje 147 GWh i gjennomsnittleg årsproduksjon. Kraftverka kan i stor grad byggjast uavhengig av kvarandre, men dei inngår i ei felles konsekvensutgreiing fordi verknadene bør sjåast i samanheng.

Søknaden frå Rullestad og Skromme Energi blir handsama etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengelege på NVE si internettside: www.nve.no/Vannkraft og er lagt ut til offentleg gjennomsyn på Åkrafjordtunet og tinghuset i Etne.

De kan få ein papirversjon av søknaden ved å kontakte Rullestad og Skromme Energi AS v/Martin Vangdal på e-post Martin.Vangdal@smaakraft.no eller tlf. 55 12 73 46 / 98 83 04 58.

Fråsegner kan gjerne sendast via internett www.nve.no/vannkraft, til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogleg og seinast innan **6. januar 2012**.

Søknad om bygging av nye kraftleidningar

Dersom alle vasskraftverka som er planlagt i Rullestadområdet og langs Åkrafjorden blir bygd, vil det ikkje vere nok kapasitet i noverande nett til å transportere krafta ut av området. Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) søker difor om konsesjon til nye 66 kV kraftleidningar mellom Rullestad og Blåfalli III.

Søknaden om nye kraftleidningar blir handsama etter reglane i energilova. SKL søker også om løyve til oreigning etter oreigningslova og samtykke til at oreigningsinngrep vert sett i verk før det ligg føre rettskraftig skjøn. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si internettside: www.nve.no/kraftledninger. I Etne kommune er søknaden lagt ut til offentleg gjennomsyn på Åkrafjordtunet og tinghuset i Etne. I Kvinnherad kommune er søknaden lagt ut til offentleg gjennomsyn på Rådhuset i Rosendal og biblioteket på Husnes.

Fråsegner kan gjerne sendast via internett www.nve.no/kraftledninger, til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogleg og seinast innan **6. januar 2012**.

NVE vil halde eit ope folkemøte i løpet av høyringsperioden der det vil bli orientert om både søknadene. Tid og stad blir kunngjort av NVE seinare. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av søknadene, og søkjarane vil gjere greie for konsekvensane ved ei eventuell utbygging.